



# Senterpartiet

## Innkalling til årsmøte i Hå Senterparti 2023

**Stad: Rådhuset, 31. januar 2023 klokka 19.00**

Sakliste til årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar
3. Val av årsmøtesekretær
4. Val av to personar til å skriva under møteprotokoll
5. Melding frå kommunestyregruppa og styret
6. Kontingent 2023
7. Budsjett og rekneskap
8. Utsendingar til årsmøte i Rogaland Sp 18.-19. februar
9. Val
10. Innkomne saker

### Årsmelding 2022

Styret har hatt 9 styremøte og handsama 20 saker.

**Styret har vore:**

Leiar:	Trond Lode
Nestleiar:	Joakim Nord-Varhaug
Sekretær:	Anne Vold Jensen
Kasserar:	Marianne Ødegård Rangen
Studieleiar:	Arna Høyland

Styremedlem: Bjørg Sandve  
Styremedlem: Per Inge Undheim  
Ungdomstillitsvalt: Sverre Nærland

1. vara: Hans Aanestad  
2. vara: Hanne-Elise Lindal  
3. vara: Sverre Nærland  
Gruppeleiar: Svein Høyland

Revisor: Odd Egil Bø  
Vara revisor: Otto Topdal

## Årsmelding 2022

*Siste året før nytt lokalval, og nominasjonen har sjølvsagt vore ein av dei viktigaste tinga. I fjor var me inne på at me òg hadde nokre andre områder me særleg var spente på i 2022; utviklinga i landbruksnæringa og tilsetjing av ny kommunedirektør.*

La oss ta til med ny kommunedirektør. Eit utval av fem frå formannskapet og ei frå dei tillitsvelde hadde ein forholdsvis omfattande prosess med å få tilsett ny kommunedirektør. Då me fekk oppseiinga frå Anne Berit, meinte me vel at det var ei av dei viktigaste oppgåvene dette året. Det er ikkje tvil om at Anne Berit Berge Ims har hatt ei positiv påverknad på Hå kommune, og vist kor mykje ein kommunedirektør kan bidra med i oppgåva. Det var med andre ord store sko og fylla. Samtidig var det vel slik at me ikkje ønska oss ein kopi av Anne Berit. I prosessen var det tolv søkarar, fleire av dei godt kvalifiserte. I fleire rundar vart fleire trekte frå, til me til slutt kunne presentera Rune Kloster Tvedt for kommunestyret. Han starta 1. september, og har i løpet av hausten fått tid til å verta kjent med kommunen, og leggja fram sitt første budsjett. Rune framstår som ein ryddig og stødig kommunedirektør, og ser ut til å leia kommunen på ein solid måte.

Budsjettet fekk me òg i hamn før jul 2022. Me har halde fram med samarbeidet med Høgre og Krf, i tillegg var Ap og Sv med i budsjettssamarbeidet. For Sp sin del syns me det var viktig å løfta fram nokre sider innan helse- og omsorg, som styrking av personal på Klokkartunet, på sjukeheimen og tilsetjing av gjeldsrådgjevar. Vidare var me glade for at me fekk med meir innan skule- og barnehage, i samlesekken tidleg innsats. Me fekk òg inn att midler til sommarvikarar, og reduserte kuttet innan vedlikehald utandørs. Gjennom budsjettssamarbeidet i valperioden syns me at me har fått til gode kompromiss i lag med samarbeidspartia. Retningar for store

investeringar er òg lagt, i tråd med viktige punkt i programmet til Hå Senterparti, som meir konkretisering av sambrukshuset, ny skule på Vigrestad og at barnehagen på Brusand snarleg vert bygd. Me har dei siste åra gjort store investeringar, og ser at me får ei vèl stor gjeldsgrad. Likevel ser me det som fornuftige og nødvendige investeringar for kommunen.

Landbruket er ryggrada i Hå, og me hadde store forventingar til resultatane av landbruksforhandlingane. Langt på veg syns me det innfridde. At me då kom inn i eit år med krise på krise, gjorde at mykje av det som var vunne fort vart ete opp av galopperande prisauke. Innføringa av straumstøtta var eit viktig grep, og at ho vart auka var heilt nødvendig. Dette var noko me frå lokalt hald pressa på det me kunne for å få innført - og ikkje minst vidareført. Eit heilt naudsynt grep for forutsigbarheit innan matproduksjon. La oss då leggja til at dette på ingen måte var sjølv sagt. Senterpartiet møtte motstand mot å innføra straumstøtta til èi næring i regjeringssamarbeidet, og me høyrer sjølv at mange i næringslivet meiner at det er urettferdig at bare landbruket får denne støtta. At det handlar om grunnleggjande beredskap og matforsyning, er det slett ikkje alle som ser. Hå Sp var òg aktive i utarbeidinga av landbruksplanen for Hå som vart vedteken i 2022. Ei gruppe med politikarar frå teknisk- og næring var med på utforminga av denne.

Me har hatt eit godt samarbeid innad i gruppa, og vore ei tydeleg stemme i både kommunestyre, formannskap og utval. Gildt er det òg at mange held fram til neste periode. Det er eit godt utgangspunkt. Sakene har vore mange, og m.a. fekk me gjennomslag for større tomter i Stokkalandsmarka, vidareføring av breibandsfond og har vore ein tydeleg stemme inn i kommuneplanarbeidet. Kanskje mest markant med ei tydeleg haldning til at å me ikkje syns 800 mål på Skjæret skal byggjast ut.

Nominasjonsarbeidet har vore ei viktig oppgåve for Hå Senterparti i 2022. Tidleg var lista klar, og nominasjonskomiteen gjorde eit grundig arbeid. På nominasjonsmøtet vart lista valt inn, og me ser at me har ein stabil og god gjeng med. At me har kontinuitet nå meiner me er viktig i urolege tider. I januar startar valkamputvalet arbeidet med å leggja ein strategi fram mot valet 11. september. Som kjent buttar det mot for regjeringspartia, og faren er jo at det òg vil straffa seg lokalt. Ei meningsmåling i Jærbladet var ikkje særleg god, men basert på 200 automatiske telefonoppringingar gjer at ein kanskje ikkje skal leggja for mykje i det. Me får gjera det me kan for å få vist fram det me står for, og håpa på eit godt val i september.

Styret har òg arrangert studieringen "Det grønne hjulet." Ein nyttig og god runde rundt frivillig arbeid, lokaldemokrati, planmessig arbeid, leiing og organisasjonskultur. Vidare har styret laga verksemdsplan, der oppgåver i styret har blitt fordelt betre. Fleire deltok på fylkesårsmøtet, og på nominasjonsmøtet til fylket var òg Hå Senterparti godt representerte. Me har òg hatt besøk av fleire stortingsdelegasjonar, og fått løfta fram problemstillingar rundt samferdsel og Åna fengsel.

Styret forsøkte i vinter å dra i gang ein tur til Grüne Woche, men det vart for liten interesse. Ein har òg forsøkt å få til eit møte rundt straumprisane, men fekk ikkje tak i ønska innleiar.

Hå Senterparti hadde 136 medlemmer per 31.12.22. Det har kome nokre utmeldingar i løpet av året, der nokre har gitt signal om at dei ikkje er enige med politikken til regjeringa. Fleire nye har òg kome til i løpet av året.

Dei politiske representantane har vore: Svein Høyland, varaordførar og gruppeleiar, Gry Kirsti Høyland Sirevåg, kommunestyret og helse- og sosial, Lenita Salte, kommunestyre og teknisk- og næring, Anders Braut Ueland, leiar opplæring- og kultur, kommunestyret, Sjur Håland, kontrollutvalet og kommunestyret, Silje Hadland Haarr, Knut Åge Gjersdal, teknisk- og næring. Anne Vold Jensen er første vara til utval og kommunestyre.

Hå Senterparti  
Svein Høyland  
gruppeleiar

Forslag til nytt styre:

Leiar	Trond Lode	(ikkje på val)
Nestleiar	Hans Ånestad	(2 år, ny)
Styremedlem	Anne Vold Jensen	(ikkje på val)
Styremedlem	Marianne Ø Rangen	(2 år, attval)
Styremedlem	Per Inge Undheim	(2 år, attval)
Styremedlem	Arna Høyland	(2 år, attval)
Styremedlem	Karen Gjersdal	(2 år ny)
1 vara	Sverre Nærland	(1år, attval)
2 vara	Hanne-Elise Lindal	(1år, attval)
3 vara	Frank Haugland	(1år, ny)
Revisor	Odd Egil Bø	(1år, attval)
Vara revisor	Otto Topdal	(1år, attval)
Leiar valkomite	Gry Kirsti H. Sirevåg	(ikkje på val)
Valkomite	Sjur Håland	(ikkje på val)
Valkomite	Bjørg Sandve	(3 år, ny)

Valkomite 2022

Silje Hadland Haarr

Gry Kirsti H. Sirevåg

Sjur Håland

**Forslag til arbeidsplan for 2023**

Januar	Styremøte Programarbeid Sosial kveld Årsmøte
Februar	Styremøte Programarbeid
Mars	Styremøte Årsmøte i Rogaland senterparti Studiearbeid / kurs Medlemsmøte
April	Styremøte Studiearbeid / kurs
Mai	Styremøte
Juni	Styremøte Sosial kveld
Juli	Ferie
August	Styremøte
September	Styremøte
Oktober	Styremøte
November	Styremøte